

## Gamle bufarvegar


Før i tida vart bufarvegane brukt av gardsfolket og all slags krytir den dagen dei flytta opp på stølen for sommaren. Det kunne bli litt av eit leven. No brukar gardsfolk nyvegen, medan bufarvegen ligg stille og roleg att.

Bufarvegane vart brukt som den kortaste vegen frå garden til stølen. Dette var noko ulendte vegar for folk og krytir. Då det vart behov for finare vegar for kjerrar og etter kvart bilar, måtte vegane leg-gast om, då bufarvegane som regel var lagt i vanskeleg terreng for å gjere turen kortast mogeleg. Difor finn vi framleis nokre av dei gamle bufarvegane, som no fungerer som fine turstigar.

Fjellvegen er ein del av bufarvegen til Djup. Frå krysset Nedremyrstølen/Nordheim går du på gamle Kyrkjevegen. Stigen er open og grei å gå, men det er tilrådeleg med godt fottøy. På Nedremyrstølen sel dei rømme og serverer kaffi og noko å bite i. Som kort alternativ tilrår vi turen Torsbu – Nordheim.

Stigen frå saga i Kvinnegardslia følgjer traktorveg opp til grusveg. Frå grusvegen på Stavestølane går Fjellvegen som stig gjennom granskog og etterkvart inn i bjørkebeltet. Lange strekk går mellom dvergbjørk, brisk og vierkratt. Ned mot Nordheim fell stigen nokså bratt gjennom fin bjørkeskog.

Sjå også tur 1.4 Kyrkjevegen Vats - Hol.



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000



- Køyr opp Øvre-Ål gjennom Kvinnegardslia og til Torsbu.
- Rv 7 til Hallingmøbler, fylkesveg 244 til Vats, vidare til Nordheim.



Gamal fjellveg og bufarveg. Sal av stølskost på Nedremyrstølen i sommarsesongen.



- Parkering ved saga i Kvinnegardslia, Dengerudstølane (Stavestølane), Mykingstølen og Torsbu.
- Parkering ved Nordheim.



Traktorveg, grusveg og stig. Noko bratt stigning/nedstigning.



- Dengerud – Nedremyrstølen 12 km
- Nordheim – Nedremyrstølen 3,5 km

